



Gode Fitjarbu

DYKKAR REF: NN | VÅR REF: Tom Rydland

Fitjar, 6. mai 2021

STRATEGI 2021-2023

Innspel til strategiarbeidet

Innleiing

Soknerådet har sett ned ei gruppe som fram mot hausten 2021 skal arbeide med strategi for Fitjar Sokn. Gruppa er samansett av Anne-Marie Røed, Håkon Rydland Sæbø, Roald Drønen og Tom Rydland. Gruppa skal utarbeide eit grunnlag for strategi som soknerådet skal vidareutvikle og til sist vedta som kyrkja sin strategi. Me ynskjer innspel til dette arbeidet frå flest mogleg i soknet vårt.

Ein strategi skal gjere tydeleg kva mål og tiltak kyrkja i Fitjar skal ha, både lokalt og i ein større samanheng. Kva vil me, og kvar går vegen?

Grunnlag

I ei samling august 2020 sette soknerådet hovudretninga for kyrkja i Fitjar fram til 2023. Me ynskjer at kyrkja skal vere viktig for folk, og gjennom det vere ein viktig aktør i bygd livet.

Kvifor er det viktig med innspel

Kyrkja vår skal vere for dei mange, og utvikla seg gjennom engasjement og involvering. Det er med dette som bakgrunn me bed om innspel frå flest mogleg som har eller ynskjer å ha eit forhold til kyrkja. For lettare å kunne trekke ut kva som folk flest er oppteken av, har me vald å utarbeide eit skjema der alle har høve til å påverke vegen vidare for kyrkja i Fitjar.

Korleis vil me ha innspela

I skjema er det lista opp ulike tema me ynskjer dine tankar om. Skjemaet vert sendt til verksemder, skular, lag og foreiningar, men kan også lastast ned frå nettsida vår www.kyrkia.no/fitjar

Det er på skjemaet sett av plass for idear, innspel og refleksjonar ein meiner ikkje kjem fram i eller vert belyst i skjemaet. Bruk skala frå 1-6 (6 best) på korleis du opplever kyrkja i dag i eigen kolonne i skjema.

Om du heller ynskjer ein samtale kring dette, kan du kontakte ein av oss i gruppa:

Tom Rydland	mob 908 46 841
Anne Marie Røed	mob 924 66 405
Håkon Rydland Sæbø	mob 971 72 441
Roald Drønen	mob 950 76 635

Frist for å kome med innspel

Strategigruppa har som mål å leggje fram sitt arbeid for soknerådet i møte 17. juni. Innspela dine bør vere kyrkjekontoret i hende innan måndag 7. juni 2021

Med venleg helsing

Strategigruppa i Fitjar Sokneråd